# Kom i gang med ADOBE CONNECT

**Generell informasjon:** I studiet ditt skal vi bruke Adobe Connect. For å bruke dette programmet må du gjere litt førebuingsarbeid på maskina di. I denne lenkja finn du [Krav til maskinvare og program] som du treng i studiet.

Når studiet har starta og du skal delta på undervisning i Adobe Connect, vil du finne ei lenke til nettklasserommet i Canvas under Adobe Connect. Nokre av lærarane bruker same klasserom kvar gong, andre har nytt rom. Du loggar deg inn der læraren din seier du skal gjere det. **Når du skal delta i ei nettsamling, koble helst maskina til ruter med nettkabel.**

Er du ikkje student og skal ta del i eit møte i Adobe Connect, har du sannsynlegvis fått lenkje til nettrommet i ein epost. Klikk på lenkja og logg deg på som «guest» og legg inn fullt namn.

ALLE STUDENTAR skal logge på med Feidepålogging. For nye studentar: Dersom du har fått brukarnamn (studentnummeret er brukarnamnet) og laga passord til Canvas, skal du bruke dette når du loggar på.

Når du går inn nettrom i Adobe Connect via Canvas, som vist under, har du alt brukt feidepålogging for å komme inn i Canvas, og då treng du ikkje logge inn på nytt i Adobe Connect.

## SLIK GJER DU DET FØRSTE GONG:

Logg inn i Canvas, gå inn i emnet du skal ha undervisning i.




Trykk på Adobe connect.




NB: Det tek litt tid før programmet kjem opp, ikkje trykk deg ut eller vidare.... Ha litt tolmod☺

Når du er inne så kjem dette bilete opp:




Trykk på «Join» for å komma inn.

NB: Nokon nettlesarar kan det oppstå problem med, skulle du ikkje komma inn så prøv med å bytta nettlesar. (Anbefalar ikkje Internet explorer.)

Dersom dette er første gang i Adobe, følg instruksane under her:

(Blir du spurt om å installera Add in etter å ha trykka på rommet du skal til trykk ja.)




Klikk på Help – Troubleshooting og nettsida Adobe Connect Diagnostic Test opnar seg.

Me anbefalar å laste ned Adobe Connect application for desktop. (merka med 1) samt at du køyrer "Run Diagnostic Test) merka 2. Du kan også nytta "Enable/install Flash Player for browser(nettlesar).





Dersom dette ikonet kjem opp på verktøylinja, har installasjonen lykkast! Gratulerer!!

(Ofte må ein gå ut at av rommet og inn igjen før add inn er på plass og du har fått grønt ikon på verktøylinja).

Følg deretter instruksjonane på neste side for at lyden skal bli best mogeleg:

NÅR DU HAR GJENNOMFØRT INSTALL ADOBE ADD-IN, FØLGJER DU DENNE PROSEDYREN FOR Å SIKRE GOD LYD OG FJERNE EKKO:

Høgreklikk  ein eller annan plass på skjermen og vel Settings:




Du får då opp ein meny. Vel fana med mikrofonen på:




Hak av for Reduce Echo.






Vel fana med Tv-skjerm og  eit auge. Kryss av for Allow og Remember. Då er innstillingane ok for denne nettlesaren og PC-en/Mac-en du har brukt. Skal du bruke Adobe på ei anna maskin eller ein annan nettlesar, kan det hende du må gjere alt oppatt.

FØR MØTE ELLER UNDERVISNING, SJEKK AT LYD INN OG UT FUNGERER SLIK:

Kople til headset med mikrofon. Det blir alltid best lyd med headset, men kan også fungere utan. Nettkabel kan vere viktigare for lyd og bilde!

Vel Meeting oppe på verktøylinja, trykk så på Audio Setup Wizard




Følg instruksjonane i Wizzard, her sjekkar du om lyd inn og ut fungerer.

Du er nå klar til å delta på nettundervisning på denne maskina☺! Dersom du skal bruke ei anna maskin, må du ta denne prosedyren på den nye maskina også. Audio setup Wizzard kan være grei å kjøre gjennom før samlinga for å sjekke at lyd fungerer. Skulle noko (lyd eller bilde) ikkje fungere når du kjem inn i Adoberommet, lukk rommet og gå inn igjen på nytt!

## Lukke til!